



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Hanne Melander, 55 57 23 74

Vår dato  
19.12.2008  
Dykkar dato  
04.11.2008

Vår referanse  
2008/11835 632.1  
Dykkar referanse

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 Oslo

### **Høyringsuttale – Framlegg til endringar i opplæringslova og privatskolelova**

Vedlagt er høyringsuttale til Høringsnotat om forslag til endringar i opplæringsloven og privatskoleloven frå kunnskapsdepartementet 04.11.08.

Med helsing

Hjalmar Olseth  
ass.utdanningsdirektør

Hanne Melander  
seniorrådgiver

Vedlegg

## **1. Høyringsuttale frå Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga**

### **2. Forslag om å lovfeste plikt til forsterka opplæring i norsk/samisk og matematikk på 1.-4. årstrinn**

Omgrepet "forsterka opplæring" er problematisk. utfordringa vil vere å skilje omgrepet frå tilpassa opplæring og spesialundervisning. Tilpassa opplæring gir i dag elevar ein rett til opplæring som skal tilpassast evner og føresetnader. Vi kan ikkje sjå at forsterka opplæring kan gi elevane ytterligare styrking ut over retten til tilpassa opplæring og spesialundervisning.

Fylkesmannen i Hordaland meiner at å innføre eit nytt omgrep vil forvirre føresette meir enn å klargjere kva rettar elevane har. Ein plikt for kommunen, men ingen rett for eleven, er ingen tryggleik for eleven og foreldra.

Vi meiner at ein lovtekst må kunne etterprøvast ved tilsyn. Slik vi vurderer det kan den føreslegne lovendringa berre etterprøvast ved å studere GSI-tal over tid. Det er ingen garanti at elevane får ei betre opplæring om lærartettleiken aukar noko over tid i kommunen/skolen.

Lovendringa kan lesast som om ein vil tilbake til ein lovfesta rett til lågare elevtal i klassane for dei yngste elevane. Vi meiner at det vil vere betre å setje eit maks-tal for klassestorleik for dei lågaste stega.

**Fylkesmannen i Hordaland foreslår at i staden for ein eigen lovparagraf, blir tidleg innsats eit vesentleg rapporteringskrav i den lovfesta plikta til skoleeigarar om å utarbeide årleg rapport om tilstanden innafor grunnopplæringa, jf. loveendringsforslaget pkt. 4. Då må skoleeigar sjølv årleg grunnngi korleis midlar er brukt for å sikre elevane tilpassa opplæring, herunder spesialundervisning for dei som har rett til det, på 1.-4. årssteg.**

### **3. Framlegg om endre bestemmelsen om organisering av elevane i grupper – kravet til elevane si sosiale tilhøyre**

Vi støttar framlegget om at omgrepet klasse igjen kjem inn i sjølve lovteksten. Vi støttar også endringa om at kontaktlærer blir knytt til klassen.

Vi registrerer at departementet ikkje har framlegg om å endre dei problematiske omgrepa i lovteksten, som "til vanleg" og "forsvarleg gruppestorleik". Fylkesmannen skal i høve instruks frå Utdanningsdirektoratet utføre nasjonalt tilsyn i 2009 med om skoleeigar har eit forsvarleg system for å sikre at elevane blir organsert i grupper i høve lovkrava. Slik § 8-2 er i dag, er det kanskje uklårheit mellom kva som er statleg regulering og kva som er kommunalt skjønn. Fylkesmannen i Hordaland gjer framlegg om at lovarbeid og tilsynsarbeid må bli sett i samanheng, særleg med tanke på utarbeiding av rettleiar for skoleeigar.

#### **4. Framlegg om å lovfeste plikt til å utarbeide årleg rapport om tilstanden innafør grunnopplæringa**

Fylkesmannen i Hordaland støttar framlegget om igjen å innføre tilstandsrapportering for skoleeigarar, jf. praksis i Statens utdanningskontor si tid.

Departementet har framlegg til tre innhaldsmoment for rapporteringa. Fylkesmannen i Hordaland vil i tillegg gjere framlegg om to ekstra rapporteringsområde:

- tidleg innsats som eit eige rapporteringspunkt, jf, våre merknader til punkt 2. i høringsframlegget.
- vurdering av om kommunen har eit forsvarleg system for å følgje opp lovkrav, jf. oppl. § 13-10 andre ledd.

#### **5. Framlegg om å presisere minoritetspråklege elevar sin rett til utvida opplæring i vidaregående opplæring med inntil to år**

Fylkesmannen i Hordaland støttar lovendringsframlegget.

#### **6. Framlegg til å presisere plikta til foreldresamarbeid i grunnopplæringa**

I framlegget til lovtekst står det: ”Kommunen og fylkeskommunen skal *sørgje for samarbeid...*”

Vi meiner teksten bør endrast til ” Kommunen og fylkeskommunen *skal samarbeide...*” Dette grunngir vi med at overskrifta på bestemmelsen er Plikt til foreldresamarbeid, blir *sørgje for* upresist og vagt.

#### **7. Framlegg om å lovfesta rett og plikt til fysisk aktivitet i grunnskoleopplæringa.**

Departementet opnar i lovendringsframlegget for at aktivitetar som ikkje er opplæring i fag kan finne stad i skoletida. Etter vårt syn bør lovendringa opne for aktivitetar som ikkje knytast til fag, men til generell del av læreplanen. Dette får som følgje at det må vere personell med pedagogisk kompetanse som legg til rette for opplæringa. Ei slik lovendring bør omfatte heile grunnopplæringa.

Lovendringsframlegget er grunnlagt med at departementet legg vekt på styrkinga av fysisk aktivitet i skoletida på barnetrinnet. Ekstra tid til fysisk aktivitet er svært viktig og naudsynt, men framlegget bør forankrast i faget kroppsøving i Kunnskapsløftet, for å kunne motivere opplæring mot mål i læreplanen og sikre kvalifisert lærarkompetanse.